

Ulvik

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøver ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Ulvik kommune ligg inst i Hardangerfjorden.
- Første ledd i kommunenamnet kjem av dyrenamnet *ulv*.
- Areal: 722 km²
- Innbyggjartal per 1.1.06: 1 142
- Administrasjonssenter: Ulvik
- Næringsvegar: Jordbruk (frukt dyrking, hagebruk, husdyrhold), turisme, litt industri.

2. Lytt på dialekten

➤L [Klikk her](#) og høyr på opptak frå Ulvik.

- De såg vel det fine idrettsanlegget me hadde? De kørde forbi.

- Ja, det k yrde me jo rett forbi. Det er nytt?
- Nei da, det er nok ein del  r det no. Det m  no vera ein 10-15  r sidan me fekk det. Og s  er det ein fin bade plass der inne, rundt p  nedsida der. S  der er det fint for ungene no.
- Ja, no er det jo fint alle stader.
- Ja da, visst er det det. Men eg trur dei har funne ut alle ungar, unge folk, dei flyttar heim alt s . No kjem det fleire familiar. Her er veldig fint   veksa opp for ungar. Det er s  passeleg. Det er full barnehagedekning. Har stor, fin barnehage. Og idrettsmilj et, me har ljosl yper, flotte idrettsanlegg. Og no skal dei byggja hall. Her er jo ikkje meir enn 1200 innbyggjarar, men. S  er det godt musikkmilj . Musikk p  skulen d . S  har dei, og dei har skulemusikk og masse. 4H-speidar. Det er masse   vera med p . Trygt og godt.

Informant: Kvinne, f dd 1945.

3. Nokre s rdrag

Informasjon om lydskriftssystemet  T[eigen art.].

Dialekten her har dei vanlege s rvestlandske  T[eigen art.] og hardangerske  T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar  O endar p  -a  T[eigen art.]K:   *leva*,   *bita*
- svake hokj nnsord  O endar p  -a i ubestemt form eintal  T[eigen art.]K: *ai visa*, *ai veka*
- det er forskjell i b yinga p  svake  O og sterke hokj nnsord  O i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene)  T[eigen art.]K:

<i>veka</i>	<i>veko</i>	<i>veker</i>	<i>vekena</i>	
<i>skaol</i>	<i>skaol�</i>	<i>skaoler</i>	<i>skaol'na</i>	'sk�l'
- dei personlege pronomena i f rste person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal  T[eigen art.]K
- ein har uttalen *ao* i ord som *sjao*, *maote* og *skaol*, 'sj , m te og sk l', dvs. ord som har   i skriftm let, og som hadde lang *a* (* *) i gammalnorsk
- diftongane  O *ei* og * y* blir uttalte som *ai* og * i*: *ait bain*, *ai  i*,   *dr ima* 'eit bein, ei  y,   dr yma'

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, ø, å, au, ai, åi* og *ao*. Dessutan har ein “tilleggsvokalane”:

e, som blir uttalt som ein open ➤**O** *e*

ù, som blir uttalt som ein open *u*

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse ”tilleggskonsonantane”:

k̥, g̊, som er to lydar med *j*-klang. Dei blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten “eksplosjon”. I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tēnk̥a, bygd̊a* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyinga av ord, og det blir kommentert under Substantiv ➤**L**.

ŋ, som ofte svarar til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden for ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Ulvik tonemforskjell ➤**O**, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤**O** er den einaste tydingsskiljande faktoren:

ˈfarˈn (bestemt form eintal av *far*)

ˈfarˈn (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Etter *d, l, r, s* og *t* (og delvis etter *n*) blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som *ˈn*, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det heiter altså for eksempel *hɛstˈn* og ikkje *hɛsten*.
- Mykje av vestlandsk har ikkje lyden *ŋ* anna enn framom *k* og *g*, men i staden blir ein *g* uttalt der andre dialektar ikkje har han. I Ulvik heiter det såleis for eksempel *strɛŋg*, mens det utafor Vestlandet heiter *strɛŋŋ* 'streng'.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstrer for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤**O** (*dråpe*), mens andre ikkje gjer det (*skog*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

1. *-(e)* *-en* *-ar* *-ane*

Det vil seia at *skog* og *dråpe* blir bøyge slik:

<i>skog</i>	<i>skojen</i>	<i>skogar</i>	<i>skogane</i>
<i>dråpe</i>	<i>dråpen</i>	<i>dråpar</i>	<i>dråpane</i>

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2. *-* *-en* *-er* *-ena*

Slik går m.a. *sau* og *bekk*, altså på denne måten:

<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>sauer</i>	<i>sauena</i>
<i>bekk</i>	<i>bekken</i>	<i>bekker</i>	<i>bekkena</i>

Avvikande bøying frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>føter</i>	<i>føtt'nē</i>
------------	--------------	--------------	----------------

På grunn av at endinga *-en* i *foten* står etter *-t*, blir ordet i bestemt form uttalt *fot'n*, jf. Lydmønster ➤**L**. Det same ser me i *føtt'nē*.

Ein del ord som endar på den trykklette stavinga *-ar*, følgjer første bøyingsmønstrer, men dei får samandraging ➤**O** i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammar'n</i>	<i>hamrar</i>	<i>hamrane</i>
<i>sømmar</i>	<i>sømmar'n</i>	<i>sømrrar</i>	<i>sømrane</i>

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ➤**O** har dette bøyingsmønstrer:

3. *-* *-ē* *-er* *-ena*

Dermed får orda *pil* og *sak* slik bøyning:

<i>pil</i>	<i>pilɛ</i>	<i>piler</i>	<i>pil'na</i>
<i>sak</i>	<i>saɕɛ</i>	<i>saɕer</i>	<i>saɕena</i>

Dei svake hokjønnsorda >O blir bøygde slik:

4.	<i>-a</i>	<i>-o</i>	<i>-er</i>	<i>-ena</i>
	<i>vågga</i>	<i>våggo</i>	<i>vågger</i>	<i>våggena</i>
	<i>veka</i>	<i>veko</i>	<i>veker</i>	<i>vekena</i>

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5.	<i>-</i>	<i>-ɛ</i>	<i>-ar</i>	<i>-ane</i>
----	----------	-----------	------------	-------------

Slik bøyning har f.eks. *ɛlv* og *sɛng*:

<i>ɛlv</i>	<i>ɛlvɛ</i>	<i>ɛlvar</i>	<i>ɛlvane</i>	'elv'
<i>sɛng</i>	<i>sɛnjɛ</i>	<i>sɛnjar</i>	<i>sɛnjane</i>	'seng'

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

<i>bok</i>	<i>boɕɛ</i>	<i>bøker</i>	<i>bøkene</i>	
<i>nått</i>	<i>nåttɛ</i>	<i>nøtter</i>	<i>nøtt'na</i>	'natt'
<i>dotter</i>	<i>dåtterɛ</i>	<i>døtter</i>	<i>døtt'na</i>	

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6.	<i>-(e)</i>	<i>-e</i>	<i>-(e)</i>	<i>-ɛ</i>
----	-------------	-----------	-------------	-----------

Orda *hus*, *egg*, *eple* og *snøre* får dermed denne bøyinga:

<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>husɛ</i>
<i>egg</i>	<i>ɛddɛ</i>	<i>egg</i>	<i>ɛddɛ</i>
<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eplɛ</i>
<i>snøre</i>	<i>snøre</i>	<i>snøre</i>	<i>snøɛ</i>

Dette er det dominerande bøyingsmønstret for inkjekjønnsorda. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma (*eple*, *snøre*), mens andre ikkje gjer det (*hus*, *egg*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

Somme ord får ei spesiell bøyning:

7.	-a	-a	-er	-ena
	<i>auga</i>	<i>auga</i>	<i>auger</i>	<i>augena</i>
	<i>áira</i>	<i>áira</i>	<i>áirer</i>	<i>áir'na</i>

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *bekk* heiter *bekkjen*, *skog* heiter *skojen*, *streng* heiter *strenjen* og *legg* heiter *ledden* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *k̂* (jf. *bekk*), mens *g* blir bytt ut med *ǰ* etter kort vokal (jf. *legg*) og med *j* etter lang vokal (jf. *skog*) og etter *n/ŋ* (jf. *streng*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord med *-er* og *-ena* som endingar i fleirtal (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagforma ➤**O**,
- i fleirtal av dei fleste hokjønnsord som ikkje får skifte av stammevokal ➤**O** mellom eintal og fleirtal, og
- i heile inkjekjønn.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

-a	-a	-a	-a
----	----	----	----

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>fiska</i>	<i>fiska</i>	<i>fiska</i>	<i>fiska</i>

2. *døma*-klassen:

-a	-e	-de/-te	-t
----	----	---------	----

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>leva</i>	<i>leve</i>	<i>levde</i>	<i>levt</i>
<i>spara</i>	<i>spare</i>	<i>sparte</i>	<i>spart</i>
<i>kjøpa</i>	<i>kjøpe</i>	<i>kjøpte</i>	<i>kjøpt</i>

Verba i denne klassen som har konsonantane *g*, *m*, *n* eller *v* føre endinga, som altså i *leva*, *kjenna*, *glåima* osv., får endinga *-de* i preteritum ➤**O**. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: å *spara* – *sparte*, å *tapa* – *tapte*. Verb som har konsonantane *l* eller *r* framom endinga, får anten *-de* eller *-te* i preteritum: å *tåla* – *tålde/tålte*, å *tåra* – *tårde/tårte*.

3. *greia*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>-dde</i>	<i>-tt</i>
-----------	-----------	-------------	------------

Altså:

<i>nåia</i>	<i>nåie</i>	<i>nåidde</i>	<i>nåitt</i>	'nøya'
<i>tåia</i>	<i>tåie</i>	<i>tåidde</i>	<i>tåitt</i>	'tøya'

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-tt*, blir vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har diftong ➤**O** framom infinitivs-*a*-en : *båia*, *tåia*, *plåia* 'bøya, tøya, pløya'.

4. *meina*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-t</i>
-----------	-----------	----------------	-----------

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>låva</i>	<i>låva</i>	<i>lådve</i>	<i>låvt</i>
<i>baka</i>	<i>baka</i>	<i>bakte</i>	<i>bakt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum ➤**O** alt etter kva konsonant som står framom endinga: *bakte* med *-te* og *lådve* med *-de*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *låva*, *plaga*, *spøla* osv.

5. *telja*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>*-de/*-te</i>	<i>*-t</i>
-----------	-----------	------------------	------------

Her set me stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen ➤**O** i verbet kan skifta:

<i>vēlja</i>	<i>vēle</i>	<i>valde</i>	<i>valt</i>
<i>symja</i>	<i>syme</i>	<i>sùmde</i>	<i>sùm</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang ➤**O**; *vēle* er uttalt med det me kallar tonem ➤**O** 1, mens *leva* i notid har tonem 2: *‘vēle, ‘leve*. Her som i *døma*-klassen bruker ein *-te* i preteritum ➤**O** etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

–	<i>–r</i>	<i>–dde</i>	<i>–tt</i>
---	-----------	-------------	------------

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤**O**, og altså *–r* i notid:

<i>tru</i>	<i>trur</i>	<i>trudde</i>	<i>trutt</i>
<i>blø</i>	<i>blør</i>	<i>blødde</i>	<i>bløtt</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤**O** ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen ➤**O** mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *fara – fēre – for – fare*. Her er vokalskiftet altså *a – e – o – a*. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤**O** (*for*), perfektum partisipp ➤**O** har endinga *–e* (*fare*), og i notid bruker ein tonem ➤**O** 1 (*fēre*) slik som i det svake verbet *‘vēle*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i – i – ai – e*):

<i>bita</i>	<i>bite</i>	<i>bait</i>	<i>bete</i>
<i>slita</i>	<i>slite</i>	<i>slait</i>	<i>slete</i>

2. klasse (*o – y – au – å*):

<i>brjota</i>	<i>bryte</i>	<i>braut</i>	<i>bråte</i>	‘bryta’
<i>sjota</i>	<i>sjyte</i>	<i>skaut</i>	<i>skåte</i>	‘skyta’

3. klasse (*i/e/ē – i/e/ē – a – ù/å*):

<i>finna</i>	<i>finne</i>	<i>fann</i>	<i>fünne</i>	
<i>drekka</i>	<i>drekke</i>	<i>drakk</i>	<i>drùķe</i>	‘drikka’
<i>brønna</i>	<i>brønne</i>	<i>brann</i>	<i>brånne</i>	
<i>svēlta</i>	<i>svēlte</i>	<i>svalt</i>	<i>svålte</i>	

4. klasse (e – e – a – å):

<i>bēra</i>	<i>bēre</i>	<i>bar</i>	<i>båre</i>	
<i>sjēra</i>	<i>sjēre</i>	<i>skar</i>	<i>skåre</i>	'skjera'

5. klasse (e – e – a – e):

<i>lēsa</i>	<i>lēse</i>	<i>las</i>	<i>lēse</i>
<i>drēpa</i>	<i>drēpe</i>	<i>drap</i>	<i>drēpe</i>

6. klasse (a – e – o – a/e):

<i>fara</i>	<i>fēre</i>	<i>for</i>	<i>fare</i>
<i>grava</i>	<i>grēve</i>	<i>grov</i>	<i>grave/grēve</i>
<i>dra</i>	<i>drēge</i>	<i>drog</i>	<i>drēje</i>

Litt meir spesiell bøyning har for eksempel desse sterke verba ➤O:

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>båe</i>	'be'
<i>je</i>	<i>jer</i>	<i>ga(v)</i>	<i>gåve</i>	'gje'
<i>sta</i>	<i>stēnde</i>	<i>sto</i>	<i>stē</i>	'stå'
<i>slao</i>	<i>slē</i>	<i>slo</i>	<i>slaie</i>	'slå'
<i>fao</i>	<i>fē</i>	<i>fēkk</i>	<i>fēnje</i>	'få'

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ➤O (for eksempel *galen*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *fin*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

1)	<i>ain gal'n gut</i>	<i>ai galē jēnta</i>	<i>ait gale badn</i>
	<i>galne gutar</i>	<i>galne jēnter</i>	<i>galne bådne</i>

På grunn av at endinga *-en* i *galen* står etter *-t*, blir ordet uttalt *gal'n*, jf. Lydmønster ➤L.

2)	<i>ain fine gut</i>	<i>ai fin jēnta</i>	<i>ait fint badn</i>
	<i>fine gutar</i>	<i>fine jēnter</i>	<i>fine bådne</i>

Dermed er bøyingsmønstra slik:

1)	<i>-en</i>	<i>-ē</i>	<i>-e</i>
	<i>-ne</i>	<i>-ne</i>	<i>-ne</i>

2)	<i>-e</i>	<i>-</i>	<i>-t</i>
----	-----------	----------	-----------

–e –e –e

Dersom substantivet står i bestemt form, blir adjektivet bøygd slik:

- 1) *dann galne gut'n dann galne jęnto da galna badne*
dai galne gutane dai galne jęnt'na dai galne bådne
- 2) *dann fine gut'n dann fina jęnto da fina badne*
dai fine gutane dai fine jęnt'na dai fine bådne

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- 1) *–ne –ne –na*
–ne –ne –ne
- 2) *–e –a –a*
–e –e –e

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	<i>ęg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>da</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>męg</i>	<i>dęg</i>	<i>hann</i>	<i>hinne</i>	<i>da</i>	<i>aoko</i>	<i>deko</i>	<i>dai</i>

Dei peikande pronomena i Ulvik har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal		
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn
<i>dęnn/dann</i>	<i>dęnn/dann</i>	<i>da</i>	<i>dai</i>	<i>dai</i>	<i>dai</i>
<i>dęnne</i>	<i>dęnna</i>	<i>dętta</i>	<i>dęsse/dęnne</i>	<i>dęssa/dęnna</i>	<i>dęsse/dęnne</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>			

5. Ord og uttrykk

Her finn du ei samling gamle ord ➤L og uttrykk ➤L frå Ulvik. Samlinga byggjer på:

- Halldor O. Opedal 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halldor O. Opedal 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

5.1. Ordsamling

*amp*ra (verb) 'masa': *Hann Vetle-Knut ampra ùmm å vę mę te støls.*

*bjaod*len (adjektiv) 'utydeleg': *Hann va noko bjaodl'n i maole, menn da va iķķe so gale att fālk iķķe fārsto 'ann.*

*fjū*mpen (adjektiv) 'uhamsleg kledd, tjukkledde': *Gut'n saog so fjūmpen ut i adle dai klęę.*

*graggat*arm (substantiv, hankjønne) 'storetar, ein som ikkje gjer seg godt av maten'

*jaom*ing (substantiv, hankjønne) 'raring, ikkje vel forvara': *Hann va no so ain jaoming.*

*kvak*la (verb) 'pusla, putla, sysla med småarbeid'

*laid*le (adjektiv) 'leitt, ulagleg': *Da va laidle.*

munndryg (adjektiv) 'storkjefta'

*naud*tenja (verb) 'springa fort, ta lange steg': *Hann nautengde burtette bakkane.*

*rit*la (verb) 'skravla, snakka, prata': *Fālk ritlar ùmm so mangt.*

*rusle*fente (substantiv, hokjønne) 'drivande og tiltaksam kvinne'

*snā*iar (substantiv, hankjønne) 'ein som kan snu seg': *Hann Jo va ain snāiar te kar.*

*stid*le (substantiv, inkjekjønne) 'stode': *Da jeng'e mę sama stidle her.*

*vill*mot (substantiv, inkjekjønne) 'djervskap som ikkje skyr nokon ting': *Hann Ola-bror aotte ait villmot so va ratt sjeldsynt.*

*aobru*en (adjektiv) 'mistruen, misunneleg, glad over at det går andre dårleg': *Du mao aldri vę aobruen pao nokon.*

5.2. Uttrykk

*hā*nd pā 'tak i': *Da ę vandt å fao hānd pao goa varer no.*

*kā*ma idla attūm 'hemna seg, slå attende': *Da kann kāma idla attūm.*

kvar manns gamling: *Da va iķķe kvar manns gamling te graia da. 'Det var ikkje alle som greidde det.'*

te døar 'i hel': *Hann slo seg te døar.*

*tyķķ*ā langt 'lengta': *Eg tyķķē so langt, eg trivst iķķe av dęnn grunn.*

6. Forskjellar

6.1. Yngre og eldre dialekt

Talemålet kan variera ein del mellom generasjonane. Nedafor skal me sjå på ein del punkt der ein kan finna forskjellar mellom eldre og yngre mål i Ulvik.

Lydane ➤L

- Diftongen *ao* er ikkje like vanleg mellom dei yngre som mellom dei eldre.

Lydmønster ➤L

- I nyare mål er det like vanleg å seia *streɲɲ* som å seia *streɲg* 'streng'.

Substantivbøying ➤L

- I bøyinga av hankjønnsorda har dei yngste samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 1 (for eksempel *skog*) og bøyingsklasse 2 (for eksempel *sau*) ovafor. Dei vil bøya orda *skog* og *sau* på same måte:

<i>skog</i>	<i>skogen</i>	<i>skogar</i>	<i>skogane</i>
<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>sauar</i>	<i>sauane</i>

- I bøyinga av hokjønnsorda har dei yngste samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 3 (for eksempel *sak*) og bøyingsklasse 5 (for eksempel *elv*) ovafor. Dei vil bøya orda *sak* og *elv* på same måte:

<i>sak</i>	<i>sakɛ</i>	<i>saker</i>	<i>sakene</i>
<i>elv</i>	<i>elvɛ</i>	<i>elver</i>	<i>elvene</i>

- Dei hokjønnsorda som har *e* i fleirtalsendingane, får hjå dei yngste endinga *-ene* i bestemt form fleirtal. I eldre ulvikmål er endinga *-ena*. Dei yngre vil for eksempel seia *pilene*, der dei eldre seier *pilena*. Det same gjeld for inkjekjønnsord av typen *auga* og *åira* (dvs. bøyingsklasse 7 ovafor). Her seier dei eldre *augena* i bestemt form fleirtal, mens dei yngste seier *augene*.
- Dei yngre har mindre palatalisering enn dei eldre. Dei kan for eksempel seia *skogen* og *sakɛ*, der dei eldre seier *skojen* og *sakɛ*.

7. Dialektprøver

Slik kan to dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift: ➤T [eigen artikkel]

Tekst 1:

Uti fjor'n her me Neshaimstrände e ain stain so dai kadla Otrastainen, elde Attrastainen sair dai visst meste. Segne sair atte ai gang i gammal ti va dar to dotter pao Neshaimsgar'n so sku dela arven. Dann elsta fekk velja umm ho velde ha gar'n, so e ain tao dai stoste i bygde, kansje dann adla stoste, elde umm ho velde ha ain lit'n plass dar so Attrastainen laog. Ho valde plassen me Attrastainen. So goe vaieplass fy oter va dar att o helde vilde ha dann elde stoste gar'n i bygde.

Tekst 2: ➤L [lyd]

- *De saog vell da fine iddretsanlegge me hadde? De kairde farbi.*
- *Ja, det koyrde vi jo rett forbi. Det er nytt?*
- *Nai da, da e nakk ain del aor da no. Da ma no ve ain ti femt'n aor sian me fekk da, ja. A so e da ain fin badeplass dar inne. Ront pa nesio dar. Dar e fint farrr ongane no.*
- *Ja, no er det jo fint alle stader da.*
- *Ja da, visst e da da. Men eg trur di har funne ut alle unga, unge folk, di flytta haim allsa, no feme da flaire fameliar. Her e veldig fint a veksa upp fo unga. Da e sa passle. Da e full badnehjedekning. Har stor, fin badnehaje. A iddretsmiljo, me har joslaiper a flatte iddretsanlegg. A no ska di bygga hall. Her e jo ikke mair enn tallhundra innbydarar, menn. So e da gatt musikmiljo. Musikken pa skul'n da. So har di, a di har skulemusikk, a masse. Firaha-spaidarar. Masse a ve me pa. Trygt a gatt.*

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Ulvik

Denne oversikta byggjer pa materiale i Malforesamlinga, Nordisk institutt, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar fra skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein ogsa fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ T[eigen art.] og om hardangermalet her ➤ T [eigen art.].

Bjorkum, Andreas 1998: *Malmestaren fra Ulvik: ord og former hjå Olav H. Hauge*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-malet: ord og vendingar og stil*. Skrifter fra Norsk malforearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmalet: ord og vendingar og stil*. Skrifter fra Norsk malforearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

Vidsteen, Chr. 1885: *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.